ALVER
KOMMUNE

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Mette Robertsen | 24.03.2022 |
| Vår: 22/2555 - 22/23739 | mette.robertsen@alver.kommune.no | |

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 327/201 Moldekleiv

| | |
|---|---|
| Tiltak: | tomannsbustad |
| Byggjestad: | Gbnr: 327/201 |
| Tiltakshavar: | Bolig & Eiendom AS |
| Ansvarleg søkjar: | Arkoconsult AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.03.2022.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ein førebels vurdering er at tiltaket ikkje stettar krav med omsyn til snuplass på eigen grunn, knytt til parkering for kvar av bueiningane. Søknaden skal sendast på høyring til Alver kommune Samferdsel,- avd. veg, og me ber derfor om at det blir gjort greie for korleis dette er tenkt.

2. Det framkjem noko uklårt i søknaden med omsyn til kva areal som er medrekna i MUA. Ber om at berekna areal visast på planteikning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Mette Robertsen<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSE<br>N |
| Bolig & Eiendom AS | Stølen 26 | 5911 | ALVERSUND |